Seljord kommune

Møteinnkalling

Til medlemene i Administrasjonsutval

Det vert med dette kalla inn til / gjort kjent med møte i Administrasjonsutval

Møtestad:	Kommunestyresalen, Kommunehuset
Dato:	15.02.2017
Tid:	09:00

Dersom De ikkje kan møte, ber ein om at De melder frå til sentralbordet snarast råd.

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka
	Saker til handsaming	
PS 4/17	Innspel frå utvida leiargruppe og tillitsvalde	
PS 5/17	Annonsering av rådmannsstillinga	
PS 6/17	Framdriftsplan rekruttering av ny rådmann	

Saker til handsaming

PS 4/17 Innspel frå utvida leiargruppe og tillitsvalde

Seljord kommune

Arkiv: 411
Saksnr.: 2017/224-6
Sakshand.: Ingeborg Nenseter Jensen

Direkte tlf.: 35065130
Dato: 10.02.2017

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Administrasjonsutval	4/17	15.02.2017

Innspel frå utvida leiargruppe og tillitsvalde

Saksdokument:

Vedlegg:
1 Innspel frå ULG til profil ny rådmann
2 Referat etter møte med organisasjonane

Saksutgreiing:

I samband med rekruttering av ny rådmann, har ordføraren kalla inn utvida leiargruppe og dei hovudtillitsvalde i kvar sine møte, for å få deira synspunkt på kva for kvalifikasjonar dei syns viktig hos ein ny rådmann og eventuelle andre tankar om prosessen. Innspela er gjengjeve i stikkordsform i vedlegga.

Saka blir lagt fram utan tilråding.

Rådmannen si tilråding:

Utskrift til:

Innspel frå utvida leiargruppe (ULG) til tilsetting av ny rådmann

3.2.2017

Til stade: Halfdan Haugan, Per Dehli, Halgeir Brekke, Frid Berge, Olav Aalandslid og Ingeborg Nenseter Jensen

Kvalifikasjonar hos ny rådmann og fokusområde:

- Må skjønne tilhøvet mellom politikk og administrasjonen
- Ha erfaring frå offentleg, gjerne kommunal, sektor
- Kunne navigere i lov- og forskriftslandskapet
- Ha forvaltningserfaring og –forståing
- Må vere sjølvstendig og tåle å stå aleine under press
- Inngi tillit, vere ein menneskekjennar, syne fornuft
- Må vere ein omgjengeleg, samlande person; passe inn i ein flat struktur
- Må vere audmjuk overfor politisk nivå, kjenne sin plass i organisasjonen; vere ein utøvar av statleg, lokal tenestproduksjon
- Må ha erfaring som leiar
- Må vere trygg og uredd
- Bør ha erfaring med endringsprosessar
- Må ha god økonomiforståing; drift versus utvikling
- Bør ha ein naturleg integritet, autoritet

Referat etter møte med organisasjonane, 24.01.2017

Til stade: Bjørn Arild Hagen (NITO), Bente Vogsland (Utdanningsforbundet), Vigdis Øverland (Fagforbundet), Halfdan Haugan (ordførar) og Ingeborg Nenseter Jensen (Organisasjons- og personalsjef)

Eigenskapar ein vil vektlegge ved tilsetting av ny rådmann i Seljord kommune

- Høgare utdanning, ein fordel med leiarutdanning
- Erfaring frå leiarstilling
- Erfaring frå kommunal/offentleg sektor
- God lovforståing
- Ein samlande, omgjengeleg person
- Gode kommunikasjons- og samarbeidsevner, diplomatisk
- Ein motiverande og inspirerande leiar, skape felles forståing i organisasjonen
- Skal vere eint bindeledd mellom dei tilsette, organisasjonane og politisk nivå
- Ein tydeleg person, men må ikkje ha markeringsbehov

Anna

- Referansesjekk er viktig, sjekke fleire referansar.
- Vere merksam på at det er stort spenni oppgåvene, frå oversikt til ned i detaljane.
- Ver merksam på at Seljord kommune har ikkje eigen formannskapssekretær
- Lønn etter avtale
- Attraktiv kommune

Seljord kommune

Arkiv: 411
Saksnr.: 2017/224-7
Sakshand.: Ingeborg Nenseter Jensen

Direkte tlf.: 35065130
Dato: 10.02.2017

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Administrasjonsutval	5/17	15.02.2017

Annonsering av rådmannsstillinga

Saksdokument:

Ingen.

Saksutgreiing:

I samband med tilsetting av ny rådmann skal administrasjonsutvalet ta stilling til på kva måte og i kva for mediar ein skal annonsere.

Ved tilsettingar i andre stillingar elles i kommunen har Seljord kommune fullstendig utlysingstekst på eigen heimeside og hos NAV. I tillegg har vi henvisingsannonse i lokalavisene Vest Telemark blad, TA og Varden, samt på kommunens Facebookside.

Når ein nyttar rekrutteringsbyrå vil det vere naturleg å annonsere også på deira aktuelle flatar. I tillegg kan det vere aktuelt å nytte kanalar som *Kommunal rapport* og eventuelt andre spesifikke, målretta medium.

Saka blir lagt fram utan tilråding.

Rådmannen si tilråding:

Utskrift til:

Seljord kommune

Arkiv: 411
Saksnr.: 2017/224-5
Sakshand.: Ingeborg Nenseter Jensen

Direkte tlf.: 35065130
Dato: 10.02.2017

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Administrasjonsutval	6/17	15.02.2017

Framdriftsplan rekruttering av ny rådmann

Saksdokument:

Ingen.

Saksutgreiing:

I samband med rekruttering av ny rådmann til Seljord kommune, skal administrasjonsutvalet ta stilling til framdriftsplan for prosessen. I utvalet stiller vald, eksternt rekrutteringsbyrå. Utvalet må i samråd med byrået leggje ein plan for rekrutteringsprosessen.

Saka blir lagt fram utan tilråding.

Rådmannen si tilråding:

Utskrift til: